



Saksframlegg

Mindre endring av reguleringsplan Moghusfeltet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Samla saksprotokoll - Mindre endring reguleringsplan for Moghusfeltet
- 2 Ny høyring - mindre endring av reguleringsplan for Moghusfeltet

Bakgrunn for saka:

Hovudutval for plan og miljø behandla på møte 10.02.2026 sak 3/26 vedtak til mindre endring av reguleringsføresegnene til Reguleringsplan for Moghusfeltet. Bakgrunnen for forslaget til endring var at ein vart merksam på at det i feltet kunn var tillate med saltak med takvinkel på 25°.

I møtet vart det fremma tilleggsforslag om å endre grensa for bebygd areal i 7.3.1 b) frå 30% til 50 %.

Hovudutval for pla og miljø vedtok og legge endringsforslaget til bebygdareal ut på høyring.

Kommunestyret fatta likelydande vedtak 19.02.2026 sak 14/26.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for attraktive bustadområder.

Forlaget til endra føresegn 7.3.1 b) har no vore ute på høyring. Innan høyringsfristen som var 25.03.2026 har det ikkje kome nokon innspel til endringsforslaget.

Konklusjon:

Endring av føresegn 7.3.1 b) i reguleringsplan for Moghusfeltet kan vedtakast slik den var framlagt til høyring.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Føresegn 7.3.1 b) i reguleringsplan for Moghusfeltet endrast til denne ordlyden: *Busetnadens storleik, inklusiv overdekka terrasse m.m. kan være inntil 50% av tomtas storleik.*

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør